



Arkivnr: 2017/1383-12

Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		19.04.2017

Fordeling av tilskot til fagskuleutdanning innan helse- og sosialfag - 2017**Samandrag**

Tilskotsordninga som er øyremerka fagskuletilbod innan helse- og sosialfag skal dekke driftsutgifter for utdanningane og vart innført 01.07.2009. Ramma til Hordaland fylkeskommune er i 2017 sett til kr. 8 166 000,-. I tillegg er det søkt om å få overført kr 303 575,- av ubrukte midlar frå 2016. Det er lagt til grunn i saka at søknad om overføring av midlar vert godkjent, og ramma for 2017 vert då på kr. 8 469 575,-.

Av ramma for 2017 er kr. 3 960 300,- betalt ut i tilskot for studentar som det er søkt støtte for tidlegare, og som per 1. mars 2017 er aktive studentar. Av desse studentane vil om lag 99 framleis vere i utdanning hausten 2017, og forventa utbetaling for desse denne hausten er på kr. 1 824 400,-. Såleis er kr 5 784 700,- bunde opp til tilbod med studentar som allereie er under utdanning i 2017. Det resterande beløpet som Hordaland fylkeskommune kan fordela til nye studentar hausten 2017 er kr 2 684 875,- (sjå oversikt under).

Ramme 2017	8 469 575,-
- Utbetalt vår 2017	3 960 300,-
- Forventa utbetaling haust 2017, 2-års studentar	1 824 400,-
Sum – resterande beløp til nye studentar haust 2017	2 684 875,-

Som ein ser av tabellen over, er det berre om lag 30 % av ramma for 2017 som ikkje er bunde opp til studentar som allereie er i utdanning, og samtidig er det søkt om tilskot til langt fleire studentar enn det er mogleg å tildela innanfor ramma.

Forslag til vedtak

1. Fordeling av tilskot til nye fagskulestudentar innan helse- og sosialfag hausten 2017:

Utdanning	Stadbasert sats				Nettbasert sats				Sum
	Hordaland helsefagskole	AOF H/SF	Aldring/helse	Folkeuni. Øst	NKI	RKK	eCademy	Folkeuni. Nett	
Psykisk helsearbeid		19							19
Psykisk helsearbeid og rusarbeid	19								19
Rehabilitering				19					2
Helse, aldring og aktiv omsorg/Eldreomsorg					2				0
Ernæring i pleie og omsorgstjenester		19							0
Rus og avhengighetsproblematikk									19
Spesialreinhald og sterilfosyning	19								5
Kreftomsorg og lindrande pleie					2	3			0
Livsstils- og kroniske sjukdommar									0
Barsel- og barnepleie					3			2	5
Demensomsorg / demens. alderspsykiatri		19							19
Utviklingshemming og aldring									0
Migrasjonshelse					2				2
Velferdsteknologi					2				2
Helsekoordinator							4		4
Helseadministrasjon sekretær							4		4
Miljøarbeid/utviklingshemming									0
Tverrfaglig miljøarbeid						3			3
Veileddning									0
Sum studentar det vert gjeve støtte til	38	38	19	19	8	9	8	2	141

2. Den einskilde tilbydar får høve til å omprioritera tilskotet mellom dei NOKUT-godkjente utdanningane dei har søkt tilskot for innanfor tilbydaren si eiga ramme, fram til 1. oktober 2017.
3. Administrasjonen ved opplæringsavdelinga vert gjeve mynde til å omfordela eventuelle unytta midlar mellom tilbydarane innanfor ramma etter 1. oktober 2017.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 27.03.2017

Tilskotsordninga som er øyremerka fagskuletilbod innan helse- og sosialfag, skal dekke driftsutgifter for utdanningane og vart innført 01.07.2009. Fylkeskommunane fekk i samband med forvaltningsreforma i 2010 delegert ansvar for fordeling av tilskot retta mot studentar i eige fylke. Tilskotsordninga vart oppretta som eit tiltak under Omsorgsplan 2015 og Kompetanseløftet 2015, der fagskuleordninga vert framheva som viktig for å auke kompetansen i helse- og omsorgssektoren i tillegg til å redusere avgang frå sektoren og bidra til rekruttering til helse- og sosialfag i vidaregåande skule. Ordninga er vidareført ved Helsedirektoratet etter 2015.

Mål for ordninga

- Heve kompetansen på sentrale fagområde i den kommunale omsorgssektoren
- Tilby personell ein karriereveg
- Realisere nasjonale måltal for utdanningsaktiviteten
- Sikre utdanningstilbod over heile landet gjennom å ivareta både regionale, interregionale og nasjonale fagskuletilbod

Målgruppe

Helse- og sosialpersonell med utdanning på vidaregåande skulenivå.

Tilskotsordninga bidrar til å nå målsettingane i Omsorgsplan 2015 og Kompetanseløftet 2015, jf. St.meld. nr. 1 (2005-2006) «Mestring, muligheter og mening - Framtidas omsorgsutfordringer».

Presisering av tildelingskriteria for ordninga

Det vert gjeve tilskot til utdanningstilbydarar etter satsar per student som multipliserast med tal på registrerte studentar på teljetidspunkta 1. mars og 1. oktober. Dette inneber halvårleg tildeling av tilskot frå fylkeskommunen til tilbydarar.

Følgjande kategoriar og satsar per heiltidsekvivalent student gjeld for budsjettåret 2017:

Tilbod	Sats
Nettbasert*	55 500 kr
Stadbaser	80 200 kr

*For einskilde tilbydarar av nettbasert undervisning med låge samla studenttal er satsen for stadbaseret tilbod nytta. Satsane vert vidareført for desse tilbydarane.

Etter Delegasjonsreglementet i Hordaland fylkeskommune; punkt 31. Lov om fagskoleutdanning av 20.06.2003 nr. 53, er det Utval for opplæring og helse som har fullmakt til å fordela tilskot etter denne ordninga.

Budsjettramme 2017

Ramma til Hordaland fylkeskommune er i 2017 sett til kr. 8 166 000,-. I tillegg er det søkt om å få overført kr 303 575,- av ubrukte midlar frå 2016. Det er lagt til grunn i saka at søknad om overføring av midlar vert godkjent, og ramma for 2017 vert då på kr. 8 469 575,-.

Av ramma for 2017 er kr. 3 960 300,- betalt ut i tilskot for studentar som det er søkt støtte for tidlegare og som per 1. mars 2017 er aktive studentar. Av desse studentane vil om lag 99 framleis vere i utdanning hausten 2017, og forventa utbetaling for desse denne hausten er på kr. 1 824 400,-. Såleis er kr 5 784 700,- bunde opp til tilbod med studentar som allereie er under utdanning i 2017. Det resterande beløpet som Hordaland fylkeskommune kan fordela til nye studentar hausten 2017 er kr 2 684 875,- (sjå oversikt under).

Ramme 2017	8 469 575,-
- Utbalt vårt 2017	3 960 300,-
- Forventa utbetaling haust 2017, 2-års studentar	1 824 400,-
Sum – resterande beløp til nye studentar haust 2017	2 684 875,-

Som ein ser av tabellen over er det berre om lag 30 % av ramma for 2017 som ikkje er bunde opp til studentar som allereie er i utdanning, og samtidig er det søkt om tilskot til langt fleire studentar enn det er mogleg å tildela innanfor ramma (sjå tabell 1 under).

Følgjande tilbydarar av fagskuleutdanning innan helse- og sosialfag har søkt om tilskot:

- Hordaland helsefagskole
- AOF Hordaland – Sogn og Fjordane
- Fagskolen Aldring og helse
- NKI
- RKK
- eCademy
- Folkeuniversitetet Øst
- Folkeuniversitetet Nettstudier

Søknader om tilskot til helsefagskuleutdanning hausten 2017

Utdanning	Tal på studentar det vert søkt tilskot for ved den einskilde tilbydar							
	Hordaland helsefagskole	AOF H/SF	Aldring/helse	NKI	RKK	eCademy	Folkeuni. Øst	Folkeuni. Nett
Psykisk helsearbeid		20		5				
Rehabilitering	30				2		20	
Hverdagsrehabilitering				5				
Helse, aldring og aktiv omsorg/Eldreomsorg	30			2		8		
Ernæring i pleie og omsorgstjenester		20						
Rus og avhengighetsproblematikk								
Spesialreinhald og sterilosyning	30				2			
Kreftomsorg og lindrande pleie				3	3			
Livsstils- og kroniske sjukdommar								
Barsel- og barnepleie					2			5
Demensomsorg / Demnsomsorg og alderspsykiatri	20	25	5					
Utviklingshemming og aldring		5						
Migrasjonshelse				5				
Velferdsteknologi				10				
Helsekoordinator						15		
Helseadministrasjon sekretær						15		
Miljøarbeid/utviklingshemming	20							
Tverrfaglig miljøarbeid					2			
Psykisk helsearbeid og rusarbeid	30				2			
Psykiske lidelser/aldring ved utviklingshemming							20	
Team og prosjektarbeid						5		
Veiledning					2			
Sum studenter det søkes støtte for	120	80	30	35	15	43	40	5

Tabell 1. Tilbod og tal på studentar det vert søkt tilskot for hausten 2017. Fargekodar: Grått = ventar på NOKUT-godkjenning. Oransje: Har samarbeidsavtale med ein kommune om heile klassar.

Tabell 1 over syner at det er søkt om tilskot til totalt 368 studentplassar frå Hordaland hausten 2017. Av desse er det søkt om 265 plassar til stadbaserete tilbod og 103 plassar til nettbaserte tilbod. Totalt er det søkt om kr 6 742 375 i tilskot, medan det som nemnt berre er kr 2 684 875,- disponibelt til nye studentar hausten 2017.

Søknadstala i tabell 1 er ikkje basert på faktiske søkeratal for hausten 2017. Dei offentlege fagskulane har søknadsfrist 15. april kvart år, men både dei offentlege og private fagskulane innan helse- og sosialfag tek imot søkeratar fram til skulestart om hausten for å fylle opp klassane. Nokre tilbydarar har vore i dialog med einskilde kommunar i Hordaland om søkeratar til spesifikke tilbod, men endelege søkeratal ligg ikkje føre enda.

Fordelingskriterium

Dei to siste åra har det vore stor pågang i høve til søknader om tilskot under denne ordninga, og det har derfor vore naudsynt å gjere nøye prioriteringar i høve til kva tilbod som skal få tilskot. Tilskotsordninga har vorte kunngjort på heimesida til Hordaland fylkeskommune med søknadsfrist 15. mars og følgjande fordelingskriterium:

- Vurdering av kva utdanningar som får tilskot vert gjort med mål om å skapa ein variasjon og balanse i tilboden samla sett i Hordaland på kort og lang sikt.
- Tilbydarar som har signert intensjonsavtale med éin eller fleire arbeidsgjevarar om heile eller delvise klassar vert prioriterte.
- I høve til utdanningar som er stadbaserete* i Hordaland, vert det forsøkt å gje tilskot til heile klassar.

* Tilbydar sin studiestad i Hordaland må vere godkjent av NOKUT.

Basert på det fyrste tildelingskriteriet har administrasjonen vurdert variasjon i tilboden både innanfor same tilskotsår, men også i høve til variasjon frå år til år. I tillegg er det lagt vekt på at stadbaserete tilbod ikkje skal utkonkurrere kvarandre slik at to tilbydarar får to små klassar innanfor same eller liknande tilbod.

Forslag til fordeling av tilskot til nye studentar hausten 2017

Utdanning	Stadbaseret sats					Nettbaseret sats				Sum
	Tal på studentar det kan verte gjeve tilskot til ved den einkilde tilbydar									
Hordaland helsefagskole		AOF H/SF	Aldring/helse	Folkeuni. Øst	NKI	RKK	eCademy	Folkeuni. Nett		
Psykisk helsearbeid		19								19
Psykisk helsearbeid og rusarbeid	19									0
Rehabilitering				19						19
Helse, aldring og aktiv omsorg/Eldreomsorg					2					2
Ernæring i pleie og omsorgstjenester		19								0
Rus og avhengighetsproblematikk										0
Spesialreinhald og sterilforsyning	19									19
Kreftomsorg og lindrande pleie					2	3				5
Livsstils- og kroniske sjukdommar										0
Barsel- og barnepleie					3			2		5
Demensomsorg / demens. alderspsykiatri		19								19
Utviklingshemming og aldring										0
Migrasjons helse					2					2
Velferdsteknologi					2					2
Helsekoordinator						4				4
Helseadministrasjon sekretær						4				4
Miljøarbeid/utviklingshemming										0
Tverrfaglig miljøarbeid					3					3
Veiledning										0
Sum studenter det vert gjeve støtte til	38	38	19	19	8	9	8	2	141	

Tabell 2. Forslag til fordeling av tilskot til nye studentar hausten 2017. Tilbod med stadbaseret sats er plassert til venstre, medan tilbod med nettbaseret sats er plassar til høgre i tabellen.

Tabell 2 over syner at det er føreslått å gje tilskot til 141 nye studentar hausten 2017, og av desse er 27 plassar nettbaseret og 114 plassar stadbaseret. Det er om lag same fordeling mellom stadbaserete tilbod og nettbaserete tilbod som til hausten 2016. Vidare vert dei ulike tilbydarane omtalt i høve til søknad og forslag til fordeling av tilskot.

Hordaland helsefagskole

Hordaland helsefagskole har søkt om tilskot til totalt 120 studentar for tilboda *Rehabilitering, Helse, aldring og aktiv omsorg, Spesialreinhald og sterilforsyning* og *Psykisk helsearbeid og rusarbeid*. Tabell 2 syner at det er føreslått å gje tilskot til totalt 19 studentar ved kvar av dei to tilboda *Psykisk helsearbeid og rusarbeid* og *Spesialreinhald og sterilforsyning*. Denne prioriteringa er føreslått av di Hordaland helsefagskole har avtale med Bergen kommune om ein

klasse på 30 studentar innan *Psykisk helsearbeid og rusarbeid* hausten 2017 dersom det vert gjeve tilskot til denne utdanninga. *Spesialreinhald og sterilforsyning* er eit tilbod som er etterspurt av Haukeland universitetssjukehus, og skulen har pleidd å starta dette tilboden annakvart år med fulle klassar. Tilboden vart sist starta opp hausten 2015, og det vert føreslått å gje tilskot til ein ny klasse hausten 2017. *Rehabilitering* vart starta opp hausten 2016, og det vert basert på det ikkje føreslått å gje tilskot til oppstart hausten 2017. Tilboden *Helse, aldring og aktiv omsorg* vart det løyvd tilskot til i 2016, men det var ikkje nok kvalifiserte søkerar til å starta opp. Det vert derfor føreslått å ikkje prioritera dette tilboden hausten 2017.

AOF Hordaland – Sogn og Fjordane

AOF har søkt om tilskot til totalt 80 studentar fordelt på tilboda *Psykisk helsearbeid, Ernæring i pleie og omsorgstjenester, Demensomsorg og Miljøarbeid i tjeneste for mennesker med utviklingshemming*. Det vert føreslått å prioritera tilboda *Psykisk helsearbeid* og *Ernæring i pleie og omsorgstjenester*. *Psykisk helsearbeid* er eit attraktivt tilbod blant både søkerar og kommunar, og det vert derfor føreslått å gje tilskot til dette tilboden hausten 2017. Tilboden *Ernæring i pleie og omsorgstjenester* har ikkje fått tilskot frå Hordaland fylkeskommune tidlegare, og det vert derfor føreslått prioritert slik at det vert ein variasjon i tilboda frå år til år. AOF fekk tilskot til *Psykisk helsearbeid, Demensomsorg og Miljøarbeid i tjeneste for mennesker med utviklingshemming* hausten 2016.

Fagskolen Aldring og helse

Fagskolen Aldring og helse har søkt om tilskot til totalt 30 studentar fordelt på to tilbod, men til tre ulike klassar som følgjer:

- 5 studentar til *Demensomsorg og alderspsykiatri* nettbasert med samlingar i Vestfold
- 5 studentar til *Utviklingshemming og aldring* nettbasert med samlingar i Vestfold
- 20 studentar til *Demensomsorg og alderspsykiatri* nettbasert med samlingar i Bergen

Tilboden som Fagskolen Aldring og helse har søkt tilskot for i Bergen vert føreslått prioritert fordi fagskulen har ein samarbeidsavtale med Bergen kommune om denne klassen. Fagskolen Aldring og helse må søkje NOKUT om godkjenning for studiestad i Bergen, og denne prosessen vert no sett i gang.

Folkeuniversitetet Øst

Folkeuniversitetet Øst samarbeider med Folkeuniversitetet Vest i høve til søknaden om totalt 40 plassar i Bergen ved tilboda *Rehabilitering og Psykiske lidelser og aldring hos personer med utviklingshemming* (stadbaserte). Folkeuniversitetet Øst har godkjenning i høve til desse to utdanningane og vil vere ansvarleg for gjennomføring av tilboden i Bergen i samarbeid med Folkeuniversitetet Vest. Folkeuniversitetet Øst har fått tilsegn om godkjenning frå NOKUT ved studiestaden Bergen på vilkår av at det vert dokumenter tilsetting av pedagogisk personell, og dette vil Folkeuniversitetet gjere før dei startar opp eit tilbod. Det vert føreslått å prioritera tilboden *Rehabilitering* av di dette tilboden ikkje er prioritert hjå andre søkerar av tilskot.

Folkeuniversitetet Nettstudier

Folkeuniversitetet Nettstudier har søkt om tilskot til totalt 5 plassar ved tilboden *Barsel- og barnepleie*. Folkeuniversitetet Nettstudier vart ikkje gjeve tilskot hausten 2016 på grunn av låg rekruttering tidlegare år, men det vert no føreslått å gje tilskot til inntil 2 studentar.

NKI

NKI har søkt om tilskot til totalt 35 studentar hausten 2017 fordelt på tilboda *Psykisk helsearbeid, Hverdagsrehabilitering* (ikkje NOKUT-godkjent enda), *Helse, aldring og aktiv*

omsorg, Kreftomsorg og lindrende pleie, Demensomsorg og alderspsykiatri, Migrasjons helse og Velferdsteknologi. Det er føreslått å gje tilskot til totalt 8 studentar fordelt på følgjande tilbod:

- *Helse, aldring og aktiv omsorg*
- *Kreftomsorg og lindrende pleie*
- *Migrasjonshelse*
- *Velferdsteknologi*

Tilboda vert føreslått prioritert framfor dei andre NKI har søkt tilskot til for å skapa variasjon i det totale tilbodet.

RKK

RKK (Rogaland kurs og kompetansesenter) har søkt om tilskot til totalt 15 studentar hausten 2017 fordelt på tilboda *Rehabilitering, Spesialrenhold og steriforsyning, Kreftomsorg og lindrende pleie, Barsel og barnepleie, Tverrfaglig miljøarbeid, Psykisk helsearbeid og rusarbeid* og *Veiledning*. Ved RKK er det føreslått å gje tilskot til totalt 9 studentar fordelt på følgjande tilbod:

- *Kreftomsorg og lindrende pleie*
- *Barsel og barnepleie*
- *Tverrfaglig miljøarbeid*

Desse tilboda vert føreslått prioritert for å skapa variasjon i det totale tilbodet i Hordaland. Hausten 2016 fekk RKK tilsegn om støtte til inntil 3 studentar, men av di det var svært god søking frå Hordaland i fjar vert det føreslått å auke talet på studentar hausten 2017.

eCademy

eCademy har søkt om tilskot til totalt 43 studentar hausten 2017. Det er søkt om 15 plassar til kvart av tilboda *Helsekoordinator* og *Helseadministrasjonsekretær*. Desse to tilboda har fått tilskot frå Hordaland fylkeskommune dei siste åra og rekrutterer godt, og det vert føreslått å gje tilskot til totalt 8 studentar fordelt på dei to. I tillegg har eCademy søkt om 8 plassar til *Helse, aldring og aktiv omsorg* og 5 plassar til tilboda *Team og prosjektarbeid*. Dei to sistnemnte tilboda er ikkje godkjent av NOKUT enda, og vert derfor føreslått ikkje prioritert hausten 2017.

Årsaka til at det er føreslått å ikkje gje tilskot til tilbod som ikkje er godkjent enda, er at søkerprosessen i hove til nye tilbod kan ta lang tid hjå NOKUT, og ein eventuell oppstart av tilboden til hausten er derfor meir usikker enn allereie godkjente tilbod. Å søkje NOKUT om godkjenning av ny studiestad er ein mindre krevjande prosess fordi tilboda allereie er godkjent.

Vidare prosess

Fylkesrådmannen vil tilrå at den einskilde tilbydar får høve til å omprioritera tilskotet mellom dei NOKUT- godkjente utdanningane dei har søkt tilskot for innanfor tilbydaren si eiga ramme fram til 1. oktober 2017, som er offisiell teljedato for utbetaling av tilskot. Vidare vert det tilrådd at administrasjonen ved opplæringsavdelinga vert gjeve mynde til å omfordela eventuelle unytta midlar mellom tilbydarane innanfor ramma etter 1. oktober 2017.